



# Norrøn ekspansjon og samisk motmakt i Sør-Salten ca. 600–1350

## Norse expansion and Sami counterpower in Sør-Salten c. 600-1350

Eirin Holberg

*Arkeolog, oppdragsforskar*

Cand.philol. 2000

[eirinholberg@yahoo.no](mailto:eirinholberg@yahoo.no)

Knut Dørum

*Professor i historie, Universitetet i Agder*

Dr.philos. 2004

[knut.dorum@uia.no](mailto:knut.dorum@uia.no)

### Samandrag

Sidan 1980-åra har relasjonen mellom samisk og norrøn busetnad i yngre jernalder og mellomalder vorte framstilt som i stor grad symbiotisk, harmonisk og likeverdig. I vår undersøking av busetnadsspor og gardsnamn i Sør-Salten, Nordland, har vi konkludert med at det var eit større innslag av konflikt og asymmetri enn andre forskarar har lagt til grunn. Ulike kjelder herifrå tyder på ein høvdingstyrt busetnadseksplasjon inn i samiske bruksområde i siste del av vikingtida og inn i mellomalderen (ca. 900–1350). Den seine busetnadseksplasjonen fell saman med ein auke i utnyttinga av utmarksressursane i vikingtid, spesielt uttak av kvernstein, og ein auke i samiske kulturspor i tilgrensande område. Dette tolkar vi som spor av ein konfliktsituasjon der den norrøne busetnaden utøvde makt over samiske grupper, men der dei mindretallige samane var i stand til å reise ulike former for motmakt som ikkje kravde bruk av vald.

Nøkkelord

høvdingstyrt busetnadseksplasjon, norrøn busetnad, samisk motmakt, samiske bruksområde, Sør-Salten, kvernstein, urgraver, stallo-tufter

### Abstract

Since the 1980s, relations between Sami and Norse groups in the late Iron Age and the Medieval Period in Norway has been portrayed as largely symbiotic and symmetrical in archaeological research. In the present study of archaeological sources and place names in Sør-Salten, Nordland, we propose that the relationship in this area was far more conflicted and asymmetrical than other studies have concluded. We have found evidence for a Norse settlement expansion into Sami territories c. 900–1350. This coincided with an increase in the exploitation of outfield resources, especially quarries for the production of millstones. Furthermore, it corresponds with an increase in Sami material culture and settlements in adjoining areas. We argue that this reflects a period of conflict over territorial rights between Sami and Norse settlement groups. While the Norse population was superior in number and military power, archaeological sources from Sør-Salten suggest that the Sami people were able to raise counterpower in non-violent forms.

Keywords

aristocratic settlement expansion, Norse settlement, Sami counterpower, Sami territories, Sør-Salten, millstones, Sami scree burials, stallo sites

## Gjensidige relasjonar eller konfliktfylt dominans?

Temaet for artikkelen er relasjonane mellom samiske og norrøne grupper i Sør-Salten, med vekt på kommunane Bodø, Fauske, Saltdal og Beiarn, i tidsrommet 600–1350 e.Kr. På grunnlag av grav- og depotfunn, busetnadsspor, stadnamn og jordeigedomsopplysningar argumenterer vi for at det frå siste del av vikingtida (ca. 900) og fram til 1350 gjekk føre seg ein høvdingstyrt norrøn busetnadsekspanjon. Stadig større delar av Sør-Salten vart koloniserte av norrøne busetjarar, som rykte fram innover sidefjordar og dalføre. Vi ser ein samanheng mellom ekspansjonen og ein omfattande bruk av utmarksressursar, særleg kvernstein og fangstprodukt, og nye former for samisk busetnad. Den norrøne ekspansjonen kom i aukande grad til å true interessene til den samiske befolkninga i regionen, og samane svarte med oppdemming i form av ulike kulturuttrykk. Samstundes kjem det i Sør-Salten til uttrykk ein variasjon i den materielle kulturen som tyder på tett kontakt, samarbeid og nisjetilpassingar.

Sidan 1980-åra har forskinga på relasjonane mellom norrøne grupper og samar i eldre tid opna for meir nyanserte tolkingar enn det eldre biletet av at samane var eit einsarta veidefolk som vart undertrykt og skattlagt av den norrøne befolkninga.<sup>1</sup> Fokuset på konflikt og dominans vart erstatta av tolkingar som fremja symbiose, samhandling og interessefelleskap. Omfattande ny forskning har vist ei samisk historie med endring og variasjon i levevis og kulturelle uttrykk. I denne artikkelen rettar vi fokuset mot arkeologiske funn som fortel nettopp om samisk busetnad i endring. Men til skilnad frå dei tolkingane som framhevar harmoni og gjensidig interaksjon mellom samiske og norrøne grupper i yngre jernalder og mellomalder, har vi lagt vekt på å utforske evna til samiske grupper til å utøve motmakt når bruksområda deira vart innskrenka av norrøne busetjarar som dreiv utvida ressursutnytting. Tolkinga vår, som bygger på eit breitt tverrfagleg kjeldemateriale, legg til grunn at samiske grupper var aktive aktørar i konfliktar om bruks- og busetnadsområde i Sør-Salten.

Historikar Lars Ivar Hansen har argumentert på grunnlag av arkeologiske funn, stadnamn og topografiske forhold for at norrøne høvdingar i yngre jernalder i Astafjord-området i Sør-Troms integrerte samane i eit redistributivt system som begge etniske grupper hadde nytte av. Samane skaffa høvdingane kostbare og prestisjetunge fangstprodukt, medan samane fekk i byte produkt som dei trong. Høvdingane gav samane vern og sytte for at nordmenn ikkje trengde seg inn i område som var busette av samar. Men Hansen føreset også ein viss grad av norrøn dominans, og tenkjer seg at vernet til høvdingane forsvann då rikskonngane fekk herredøme i nordområda og ein norrøn busetnadsekspanjon tok til etter 1200, og vart ført langt inn i samiske område.<sup>2</sup>

Arkeolog Inger Storli har i ei undersøking av jernalderbusetnaden i Sør-Salten konkludert med at området var eit eige høvdingdømme.<sup>3</sup> Ein auke i samiske kulturuttrykk i vikingtida tolka ho som teikn på stress og større motsetnad mellom samar og nordmenn. Norrøne grupper byrja å delta aktivt i handel med pelsverk på marknadar i Sør-Skandinavia og på kontinentet, noko som la press på samiske bruksområde.<sup>4</sup> I doktorgradsavhandlinga si nokre år seinare fremja ho eit meir harmoniserande perspektiv. Materialet frå Sør-Salten vart her sett saman med ein studie av stallo-tufter, spor av rekkeorganiserte gammar som vart reiste i vikingtida, på Saltfjellet. Storli meinte å sjå at dei samiske samfunna var sosialt

1. Hansen & Olsen 2004; Odner 1983; Olsen 2003; Schanche 1989; Storli 1985.

2. Hansen 1990: 198–202.

3. Storli 1985: 40, 116.

4. Storli 1985: 144, 153.

differensierte i vikingtida, og at stallo-tuftene var brukte av ein samisk sosial elite som var samarbeidspartnarar med nordmennene i den redistributive høvdingøkonomien. Ho tolka stallo-tuftene som symbolske uttrykk for bruksrett til område som tidlegare hadde hatt status som samisk allmenning og felleseige.<sup>5</sup>

Tolkinga vi har lagt til grunn, er altså at det gjekk føre seg ein norrøn ekspansjon og ein auka dominans i Sør-Salten alt frå 900-talet og fram til 1350, noko som utløyste samisk oppdemming. Eit dominansperspektiv i idealtypisk forstand legg til grunn at visse sosiale eller etniske grupper dominerer andre. Det inneber at utvekslinga av politiske og religiøse statusgjenstandar og økonomiske verdiar er skeiv og til fordel for den eine sosiale gruppa. Ofte vil slike asymmetriske relasjonar føre til konflikhtar i form av opposisjon og open motstand. Interaksjonsperspektivet som idealtipe inneber jambyrdige relasjonar, ymsesidig utveksling av politiske og økonomiske verdiar og interessefellesskap. I røynda vil relasjonar mellom ulike grupper i dei fleste tilfelle vere karakteriserte av gradar av både dominans og interaksjon, og ein slik samansett situasjon meiner vi fanst i Sør-Salten.

Det er vanleg å sjå makt som uttrykk for over- og underordningsforhold mellom grupper som skil seg frå kvarandre ut frå kjønn, etnisk eller sosial identitet. Samstundes utløyser makt ofte ei form for *motmakt*, som både kan ta form som direkte opposisjon, men oftare i ei meir gøymd og koda form. Det skjer gjennom eigne kulturformer eller ved å overta kulturformer til den dominerande motparten. Motmakt kan vere evna til å målbera andre normsystem som utfordrar eller forkastar dominante ideologiar, og det å utvikle strategiar for kamp og motstand. Den politiske aktivisten Tim Gee har utforska konseptet motmakt, det vil seie når ei større gruppe står imot å bli kontrollert av eit mindretal, og skil mellom *idea counterpower*, *economic counterpower* og *physical counterpower* – ideologisk, økonomisk og valdeleg motmakt.<sup>6</sup> *Idea counterpower* handlar blant anna om å utfordre aksepterte sanningar, og kan verke meir effektivt enn utagerande demonstrasjonar og vald.<sup>7</sup> Det er ein slik opposisjon vi meiner å sjå i samiske kulturmiljø frå vikingtida av i Sør-Salten. Vi vil fremje tanken om at samar hadde ressursar til å mobilisere og definere eit eige norm- og verdisystem for å kunne hevde rett over territorium, sjølv om dei var militært underlegne dei norrøne høvdingane.

James C. Scott peika i sine antropologiske studiar av førmoderne samfunn på at motstand nedanfrå kan kome til uttrykk i *hidden transcripts*, eller koda, omskrivne og gøymde uttrykk for opposisjon mot ei overmakt. *Hidden transcripts* står i motsetnad til *public transcripts*, som er den ideologien, dei symbola og uttrykka som legitimerer maktforholda, og som dei styrande vil at dei styrte skal følgje.<sup>8</sup> Ein slik bruk av symbol kan ha vore ein viktig del av samisk mobilisering av motstand mot den norrøne eliten. Men i Sør-Salten tok delar av denne stille motstanden synlege former, som i etablering av urgravfelt, edelmetalldepot og fast busetnad. Dermed kan vi sjå den samiske symbolbruken både som uttrykk for *hidden transcripts* og *idea counterpower*. Noko som blir svært viktig i vår samanheng, er at samane synest å ha nytta motmakt som ofte tok materielle, ikkje-valdelege former, til dømes gjennom bruk av symbol og symbolske handlingar som stod i kontrast til norrøne førestillingar, eller ved å overta symbol og omgrep til den norrøne gruppa og gi dei eit nytt innhald. I kva grad samar nytta vald i konflikhtar med norrøn busetnad i jernalder og mellomalder, er

5. Storli 1994: 115–116, 119.

6. Gee 2011: 18.

7. Gee 2011: 13.

8. Scott 1990: 34.

vanskeleg å avgjere ut frå arkeologiske kjelder. Samiske våpenfunn finst knapt. *Landnåmbok* nemner nokså tvitydig eit åtak med pil og boge, og det finst to skriftkjelder frå 1200-talet som kan tolkast som at samar kunne vere aktive i strid, men det er usikre haldepunkt.<sup>9</sup> Vi tek ikkje stilling til dette spørsmålet her, men rettar fokuset mot det vi meiner kjeldene frå Sør-Salten seier om ikkje-valdeleg motmakt. Vi utelukkar ikkje med det at det kan ha funne stad valdelege samanstøytar.

### **Norrøn og samisk busetnad i Sør-Salten ca. 600–1350**

Korleis skil vi dei norrøne og samiske gruppene i Sør-Salten i tidsrommet 600–1350 frå kvarandre? Norrøn busetnad har generelt etterlate seg arkeologiske spor etter gardsanlegg med langhus, naust og graver langs heile norskekysten sørover frå og med Sør-Troms. Etter den samiske busetnaden i jernalderen og mellomalderen er det færre og ikkje like geografisk avgrensa spor. Samanes i mindre grad bufaste liv, med enkle husvære og lite opphoping av materiell kultur, sette få varige spor i landskapet. Eit anna forhold ligg i gravskikken. Der samlingar av monumentale gravhaugar, ofte knytte til gamle gardsnamn, peikar mot norrøn busetnad, har samane ikkje hatt nokon tilsvarande synleg gravskikk.

Arkeolog Audhild Schanche var den første som argumenterte for at utbreiinga av den norrøne busetnaden indirekte peika ut dei samiske busetnadsområda, som omfatta dei store områda innanfor og nordafor den norrøne busetnaden.<sup>10</sup> Det vil seie at yttergrensa til den norrøne busetnaden markerer den etniske grensa mellom gruppene, og at område som ikkje har spor etter norrøn busetnad er sannsynlege samiske bruksområde. Her kan argumentasjonen ofte bli styrkt med hjelp av retrospektiv bruk av samiske kulturspor; funn frå vikingtid og mellomalder kan indikere enda eldre samisk utnytting av området.<sup>11</sup>


Vi har lagt til grunn følgjande hovudpremiss for kartlegging av norrøn og samisk busetnad: Område der det er dokumentert gravhaugar og norrøne stadnamn som kan tidfestast til eller var vanlege namnetypar i eldre jernalder, må ha vore den gamle kjernen for den norrøne gardsbusetnaden. Område med både gravhaugar og stadnamn frå vikingtida, ca. 800–1050, står fram som ny norrøn busetnad frå denne tida, og område utan gravfunn (gravgoods vart ikkje nytta i kristen tid), men med norrøne stadnamn frå mellomalderen, ca. 1000–1350, er frå denne siste perioden. Det at sidefjordane og dalføra i Salten rommar fleire gardar med typiske namnetypar frå yngre jernalder og mellomalder som sjeldan har kulturspor frå førkristen tid, gir sterke haldepunkt for å tru at det gjekk føre seg eit nokså seint norrønt landnåm her, truleg frå siste del av vikingtid og vidare inn i mellomalder. Mønstra i dei indre stroka står i sterk kontrast til ytre fjordstrok og kystområde, der det finst mange norrøne kulturspor frå både eldre og yngre jernalder. Samstundes legg vi til grunn at mange av områda utan spor av norrøn gardsbusetnad har vore samiske bruksområde i ulike periodar.

9. Nielssen 2012: 188; Mundal 1996: 104–105.

10. Schanche 1989.

11. Hansen & Olsen 2004: 78–79.





Kart: Borghild Fallberg.

## Fase I – ca. 600–800

I dei nærmaste hundreåra før 800- eller 900-talet synest det å ha eksistert ei nokså tydeleg avgrensing av norrøne busetnadsområde i Sør-Salten, medan dei samiske bruksområda var svært vide og udefinerte. Samhandlinga mellom dei etniske gruppene synest å ha vore mindre enn det den vart seinare. Samane har etter alt å dømme utnytta ekstensivt store område av regionen, medan den norrøne busetnaden til samanlikning har hatt ein relativt klår geografisk konsentrasjon. Vi meiner å kunne dokumentere dette mønsteret ut frå tydelege spor av norrøn busetnadskontinuitet, som er avgrensa til kyststripa og hovudfjordane Saltfjorden og Skjerstadjorden og dei heilt ytste delane av sidefjordane. Her finn vi mange gravfelt knytte til norrøn gardsbusetnad.

Den norrøne busetnaden går lenger inn i fjorden i Sør-Salten enn elles på kysten. Hovudfjorden i Sør-Salten, som heiter Saltfjorden inn til Knaplundsøya og Skjerstadjorden innanfor, er brei. På Tverrlandet og i Skjerstadjorden med gardane Mjønes på nordsida og Ljønes og Kvikstadvika på sørsida finn vi den same opne landskapstypen og gode dyrkingsjorda som langs den ytre kyststripa. Gardsbusetnaden i Sør-Salten følgjer difor same mønster som elles langs kysten, slik Thorleif Sjøvold slo fast i si undersøking av den norrøne busetjinga i Nord-Noreg.<sup>12</sup> Når vi derimot flyttar oss innover i sidefjordane – Misvær fjorden, Saltdalsfjorden og Beiarfjorden – tek gravfunna, med nokre svært få unntak, slutt. Mesteparten av sidefjordane og dalane innover – Misværdalen, Saltdalen og Beiardalen – er så å seie utan arkeologiske spor etter norrøn busetnad. I Beiarn og i Misvær fjorden er det ingen sikre spor eldre enn vikingtid, og i Saltdalen er det berre registrert nokre få gravhaugar av usikker datering. Samstundes tyder gardsnamna på at det hadde kome til norrøn gardsbusetjing i dei nedre delane av desse områda i vikingtid og i mellomalder.<sup>13</sup>

I sidefjordane og i dalføra som strekkjer seg vidare innover frå fjorden, finn vi altså gardar med namn som var produktive i yngre jernalder, men med svært få eller ingen arkeologiske spor. Saman indikerer det toponymiske og det arkeologiske materialet ein sein landnåmsfase i yngre jernalder. Ein relativt kortvarig busetnadskontinuitet på nokre få generasjonar før kristen gravskikk kom i bruk, vil late etter seg relativt få arkeologiske spor. Hadde dei aktuelle gardane hatt ein lengre busetnadskontinuitet og vorte etablerte langt tidlegare i jernalderen, ville det ha slått ut i fleire registreringar av gravhaugar og gravfelt og i funn av ulike artefaktar. Hovudsaka så langt er at det empiriske materialet avdekkjer at sidefjordane og dalføra i liten grad kan ha hatt norrøn busetnad før mot slutten av yngre jernalder.

Dei samiske bruksområda i Sør-Salten kan ikkje påvisast i kjeldematerialet på same måte som dei norrøne i perioden 600–800. Om vi tek utgangspunkt i tolkingsmodellen som Schanche og andre har nytta for å skilje ut samiske busetnadsområde i jernalderen, er det nokre geografisk naturleg avgrensa område i Sør-Salten som peikar seg ut som sannsynlege samiske bruksområde. Dei står fram som område utan norrøn busetnad, men med samiske kulturspor frå seinare tid, frå vikingtid, mellomalder og tidleg nytid. Det gjeld sidefjordane Misvær fjorden, Saltdalsfjorden og Beiarfjorden med dalføra innanfor, og Sulitjelma-området i Fauske og Saltdal. Om vær og øyer og delar av ytterkysten også var samiske bruksområde i fase I, kan vi ikkje avvise ut ifrå dei tilgjengelege kjeldene. Men gravhaugar frå både eldre og yngre jernalder langs det ytre fastlandet tyder på at ytterkysten var hovudsakeleg eit norrønt busetnadsområde. Samstundes finst små røyser, skjelettfunn og strukturar i steinur, til dømes på øya Bliksvær utanfor Bodø, som gjer at vi ikkje utan vidare kan sjå bort frå

12. Sjøvold 1962: 216.

13. Holtet 1971: 6, 11; Aarsæther 1975.



samisk busetnad. Innlandet står likevel fram som eit hovudområde for samisk busetnad eller samisk bruk i fase I. Korkje i Misværffjorden, Beiarffjorden eller Sulitjelma-området er det registrert gravhaugar som kan daterast til eldre jernalder. Derimot er det mange samiske kulturminne i desse områda frå slutten av vikingtid og seinare. No må det nemnast at Storli har tidfesta, med atterhald, to av gravhaugane på gardane Langset og Saksenvik i Saltdalsfjorden til eldre jernalder på grunnlag av gravenes form.<sup>14</sup> Vi manglar likevel andre funn som kan dokumentere så tidleg busetnad her.

Vi kan altså konkludere med at sideffjordane og dalføra i liten grad hadde norrøn busetnad før 800- eller 900-talet, og at i alle fall store delar av områda i innlandet vart utnytta av eit samisk veidesamfunn. I tillegg er det mogleg at delar av kystområda og øyene også var samiske bruksområde, sjølv om funna talar for at samane mest heldt til i innlandet.

## Fase II: ca. 800–1000

På 800- og 900-talet anar vi dei første teikna til ei innsnevring av det vi har tolka som samiske bruksområde, som følgje av norrøn ekspansjon. Det er særleg synleg inst i fjordane. Gardsnamna i område med få arkeologiske funn frå jernalder avdekkjer nyridding inn i samiske område i sein vikingtid. Karakteristisk for desse områda er at dei er meir marginale for jordbruk enn dei ytre fjordområda. I Saltdalen vart det på 800-talet teke opp kvernsteinsproduksjon som etter kvart fekk stort omfang, nett på dei to einaste gardane i Saltdal der det er dokumentert gravhaugar – Saksenvik og Langset. Det styrkar inntrykket av at dei høyrer til siste del av jernalder. Det er snakk om tre haugar fordelt på dei to gardane, som syner berre nokre få generasjonar med busetnad i norrøn tid og ei kopling til ei ny utnytting av utmarksressursane med kvernsteinsproduksjon i vikingtid. I slutten av perioden er det i Vestvatn-området innanfor Misværffjorden indikasjonar på klebersteinsproduksjon, kolproduksjon og kanskje første etablering av fast, samisk busetnad, noko som tyder på endringar og større variasjon i samiske næringar og levesett enn før.

I Saltdalsfjorden og Saltdalen finn vi gardsnamn samansett med *-stad* (*staðir*) og *-set* (*setr*) eller *-by* (*býr*) og i Misværffjorden gardar med namneledda *-stad* og *-set*. I ytre delar av Misværffjorden har vi Skjerstad, Kvikstad, Tapstad, Støvset og Hoset. Heilt inst i fjorden ligg Gaukstad og Høgset, og innover i Misværdalen ligg ei rekke gardar med namneformer som var produktive i mellomalderen. Når det gjeld Beiarffjorden, finn vi garden Arstad inst i fjorden, og innover i Beiardalen følgjer liksom i Misværffjorden ei rekke gardar med namneformer som er typiske for nyriddinga i mellomalderen. Såleis teiknar det seg klare kronologiske fasar i busetnadsekspsjonen innover i desse sideffjordane og i dalføra lenger inn i landet. I Skjerstadfjorden er det mykje som tyder på at den norrøne busetnadsekspsjonen nådde enda lenger inn i landet før vikingtidas slutt. Langt inne i fjorden finn vi Dverset og Langset, og eit godt stykke inn i Saltdalen, ved Saltdalselva, ligg tre by-gardar på rekke som truleg har opphav i éin og same gard. Sundby ligg inst, så følgjer Medby og Nestby. Lenger innover i dalen finn vi som i Misværdalen og Beiardalen gardar med ryddingsnamn frå mellomalderen.

Tidfestinga av stad- og set-gardane (*staðir* og *setr*) er omstridd, og fleire forskarar vil plassere ein større del av dei attende til eldre jernalder. Men den svenske stadnamnforskarer Lennart Elmevik vil tyde grunnordet *staðir* som «kant» og «rand».<sup>15</sup> Han vil setje desse

14. Storli 1985: 186.

15. Elmevik 1994: 112–123.

tydingane i samband med «grenseområde» og «utkantområde», eller rett og slett «utmark». Den islandske namneforskarer Svavar Sigmundsson har trekt fram at dei største gardane på Island ikkje ber namn på *staðir*, og at *staðir*-gardane må ha vore satelittgardar for sentralgardar.<sup>16</sup> Også namneforma *-setr* kan setjast i samband med utmarksbruk, og då gjerne til seter eller støl.<sup>17</sup> Såleis er desse to namnetypane ofte sekundære og yngre i høve til andre gardsnamn. Ei undersøking frå Midt- og Nord-Noreg konkluderer med at to av tre stad-gardar vart grunnlagde eller utvida i vikingtid.<sup>18</sup>

Det er fleire grunnar til å rekne med at dei nemnde gardane med *-stad*, *-set* og *-by* i Misvær fjorden, Beiarfjorden og Saltdalsfjorden, altså dei indre delane av Sør-Salten, ikkje vart rydda før i vikingtida. For det første manglar desse og andre gardar i områda gravfelt og klåre arkeologiske spor av lang busetnadskontinuitet. For det andre ber tydelege mellomalderbusetnadar i utkanten av området med stad-, set- og by-gardar bod om klåre kronologiske fasar i ein kontinuerleg busetnadsekspansjon som ikkje kan ha strekt seg altfor langt attende i tid. Begge desse forholda gjer det mindre truleg at dei tre namnetypane i våre område skal ha vorte etablerte mykje tidlegare enn vikingtid. Til dette kjem at arkeologiske funn knytte til gardssamfunn frå Beiarn og Misvær skriv seg frå siste del av vikingtida, med eit lausfunn av leirkarskår av folkevandringstidstype som unntak. Dei få gravhaugane som er funne i Misvær og Beiarn, skriv seg frå større og sentralt plasserte gardar i området. Det gjeld Oldereid i Misvær og Arstad i Beiarn. Utgravingane av Arstad gav arkeologiske funn og C14-dateringer som tilsa at busetnadsspora her var frå vikingtid og tidleg mellomalder, frå omkring 800 til 1100-talet.<sup>19</sup> Pollenanalysar frå lokalitetar i nærleiken av Arstad viser ein auke i beite- og dyrkingsindikatorar på same tid som dei eldste dateringane frå utgravingane, og styrker inntrykket av at denne garden ikkje vart rydda før vikingtid.<sup>20</sup> Rett nok finst det også ei datering av pollen frå korn og beiteplanta smalkjempe til yngre bronsealder frå ei myr i nærleiken, som høver godt inn i det generelle biletet av spreinga av det eldste jordbruket nordover langs norskekysten. Men elles er det ikkje sikre spor av fast jordbruksbusetnad før vikingtid i Beiarn, då ein brått får mange arkeologiske funn.<sup>21</sup> Det skil seg frå gardar i ytre delar av Sør-Salten, som Naurstad og Hustad, som vart drivne kontinuerleg gjennom yngre jernalder. Det er interessant at Arstad tilsynelatande ikkje vart rydda før, då garden skil seg ut med ein høgare landskyldverdi enn andre gardar i Beiarn og saman med Moldjorda har vore rekna som den beste korgarden i distriktet.<sup>22</sup> Det stør inntrykket av at landnåmet i Beiarn kom seint, og det indikerer også at Arstad kan ha spela ei viktig rolle som ein av dei aller første gardane i dette området i vikingtid og ein «spydspiss» for den norrøne busetnaden inn i eit samisk område. Det er altså fleire moment som talar for at gardane med sisteledet *-stad*, *-set* og *-by*, i indre delar av Sør-Salten representerer eit seint landnåm i vikingtida.

Tre edelmetalldepot frå området kan truleg knytast til at grensene mellom samisk og norrøn busetnad vart flytta. Edelmetalldepot i Nord-Noreg ligg ofte i grenseområde mellom norrøn og samisk busetnad, og dette ser vi også i Sør-Salten. På Rønvikfjellet ved ytterkysten i Bodø er det funne eit sølvdepot som vart lagt ned omkring 950.<sup>23</sup> Depotet inneheldt

16. Sigmundsson 2004: 147–157.

17. Sandnes & Stemshaug 1994.

18. Vorren, Nilssen & Mørkved 1990: 79.

19. Munch 1982: 140.

20. Moe 1991: 17.

21. Moe 1970; Valen 2007.

22. Holtet 1971: 62; Kraft 1835. Se også Landkommissjonens jordebok fra 1661 (Arstad, kyrkjeleg eige, 3 våger).

23. Skaare 1976: 173.



myntar, sølvbarrar, hakkesølv og smykke, blant anna ei stor ringspenne av ein type funnen blant anna i Skottland og i eit sølvdepot i Hadsel, eit anna område med sterk høvdingmakt i yngre jernalder.<sup>24</sup> Innhaldsmessig har depotet samla sett eit norrønt preg, medan plasse- ringa i landskapet minner om samiske heilagstader. Funnet låg på eit markert landskaps- skilje, i ein bergformasjon på den høgaste delen av vegpassasjen mellom Bodø by og yttersida av Bodøhalvøya. Den seinare grensa mellom Bodø og Folda fjerdingar gjekk her.

Ringspennene, som er vanlege innslag i edelmetalldepot, kan ha vore viktige gåver i alli- ansar og truskapsband mellom aristokratiske elitar, og då gjerne overfor ei overregional fyr- stemakt.<sup>25</sup> Eit anna edelmetalldepot er funne på Slettnes, på ei halvøy i Fauske midt i det norrøne området som krinsar seg rundt Skjerstadjfjorden, med munninga til Misværffjor- den og samiske område på motsett side. Ein spiralring av gull og tre eller fire armringar av sølv låg samla i ei lita røys nær ei flatmarksgrav frå merovingartida, og funnet er datert til 900/1000-talet.<sup>26</sup> Torun Zachrisson fann i si undersøking at edelmetalldepot ikkje alltid låg på sjølve grensa mellom territorium, men kunne vere knytte til gardsområde slik som Slettnes-funnet.<sup>27</sup> Noko anna som er interessant, er at mange andre edelmetalldepot frå Nord-Noreg ligg på eller attmed halvøyer. På denne bakgrunnen ligg det nært å tolke dette depotet som uttrykk for ei norrøn hevd på delar av Skjerstadjfjorden. Det tredje depotet er frå 1200-talet, vår fase III. Her finn vi gjenstandstypar av austleg opphav, noko som var vanleg i samiske kontekstar. Depotet låg i innlandet, inst i Misværffjorden, på det som synest å vere eit landskapskilje mellom norsk og samisk busetnadsområde. Dermed har vi tre sølvdepot, to som kan ha vore nytta av ein norrøn elite i markeringa av herskarmakt, og eit yngre som truleg vart lagt ned av ei samisk gruppe.<sup>28</sup>

Samstundes med det norrøne landnåmet i denne fasen skjedde det interessante endringar i den samiske busetnaden. Stallo-tufter vart etablerte i Nordland og Troms i all hovudsak i tida 800–1050. Systematiske registreringar har avdekt store samlingar av tufter i Lønsdalen i Saltdal, samt i Beiarn og Rana i overgangsområdet til Saltfjellet.<sup>29</sup> Felles for stallo-tuftene er at dei alle ligg i grenselandet mellom skog og høg fjell. Det rår usemje om kva funksjon dei hadde, men forskarane har samla seg om at dei representerer samisk busetnad.<sup>30</sup>

### Fase III: ca. 1000–1350

I denne perioden finn vi ein ytterlegare norrøn busetnadseksponasjon med fortetting i side- fjordane og ytst i dalføra, og med nyrydding lenger inn i dalføra som er meir marginale for jordbruk. I Misværdalen, Saltdalen og Beiardalen ligg det langs hovudelva på rekke og rad gardar med namneformer som var typiske for mellomalderen. I Beiardalen gjeld det saman- sette namn med *-jord*, slik som Moldjorda, Eiterjorda, Navjorda og Savjorda, som markerer ein underordna eller mindreverdige gardsbusetnad. Somme av desse kan også vere etterre- formatoriske namn på mellomaldergardar som vart tekne i bruk på nytt etter øydetida. Gardane med namn samansett med *-jord* kan ha vore utskilde frå større gardar. Vidare har

24. Graham-Campbell 1995: 240; Spangen 2010: 61, 69.

25. Jf. Glørstad 2010.

26. Spangen 2010: 58.

27. Zachrisson 1998: 118.

28. Glørstad 2010.

29. Hedman 2012; Storli 1994; Thuestad, Myrvoll & Myrvoll 2011.

30. Andersen 2002: 87 ff.; Bergman, Liedgren, Östlund & Zakrisson 2008; Hansen & Olsen 2004: 96 f.; Mulk 1994; Sommerseth 2009: 67; Storli 1994.

vi i same dalføret sekundære namn som Dokkmo, Voll og Molid, som nok i dette tilfellet indikerer rydding av mindre åkerstykke i utkanten av eit etablert busetnadsområde. Det er rimeleg å tidfeste også desse til tida etter ca. 1000. Dei to siste gardane i Beiardalen, som må vere eldre enn ca. 1350, er Segelsten (Soløy) ved fjorden og Selfors, som ligg eit godt stykke inn i dalen, innanfor Eiterjorda, som hadde samisk busetnad omkring 1000/1100. Dette var små og ubetydelege gardar som vart seint gjenrydda. Namneformene åleine gjer ikkje at ein kan avvise etablering i yngre jernalder, men den låge landskyldverdien er med og trekkjer dateringa mot tida etter ca. 1000. Felles for dei fleste av gardane i Beiardalen er at dei hadde låg landskyld i historisk tid, noko som stør inntrykket av sein gardsbusetnad.

I Misværdalen har vi eit ryddingsnamn frå mellomalderen samansett med *-bøl*. Det er Karbøl eit godt stykke inn i Misværdalen. Vidare har vi eit sekundært utskiljingsnamn frå same periode, nemleg *-hus*, representert ved Mohus rett innanfor Misværffjorden. Desse namnetypane kan knytast til busetnadsekspanjonen etter ca. 1000.<sup>31</sup> Seine gardsnamn langt inn i dalen er også Skar, Stolpe og Brekke, namn av ein type som ofte ligg i utkantområde og er typiske for sein vikingtid og mellomalder i Noreg. Endeleg er Midtødegården og Vestvatn heilt inst i dalen mellomaldergardar med etterreformatoriske namn. Med dette har vi nemnd alle sannsynlege gardar i Misværdalen frå før 1350.

I Saltdalen finn vi typiske ryddingsnamn frå etter ca. 1000 som Brenne, og typiske namneformer frå mellomalderen som *-hus* og *-gard*. Når det gjeld Drageid og Langvad, er det vanskeleg ut frå namneformene å tidfeste når gardane vart etablerte. Men det at gardane hadde så låg landskyld i mellomalderen, indikerer sein rydding. I Misværdalen har alle gardane vore små målt i landskyld, medan by-gardane i Saltdalen synest å ha vore betydeleg større enn dei yngre og relativt små gardane lenger inn i dalen. Det siste synest å markere skiljet mellom ein busetnadsekspanjon i yngre jernalder og éin i mellomalderen.

I både Saltdalen og i Beiardalen finn vi namnet Kvæl på gardsbusetnad langt inn i dalen og i utkanten av busetnadskrinen. I Beiardalen ligg også garden med det usamansette naturnamnet Os nesten inst i dalen, medan Os i Saltdalen ikkje ligg langt frå Saltdalsfjorden. Både Kvæl og Os er truleg frå mellomalderen. Dei representerer likevel namnetypar som har vore produktive i fleire historiske periodar, ikkje minst gjeld det Os. Osbakk heilt inst i Beiardalen, etablert som utskiljingsprodukt frå Os, synest å vere den siste nye mellomalderbusetnaden i dette området. Dei usamansette naturnamna Kvæl, Os og Osbakk må alle kunne plasserast i mellomalderens landnåmstid. Kvæl og Os i begge dalføre er begge registrerte med låg landskyld.

Korkje i Misværdalen, Saltdalen eller Beiardalen finst det namnetypar som hadde sitt tyngdepunkt i eldre jernalder, slik som namn med sisteledd *-heim*, *-vin* og *-land*. Dei finst heller ikkje i Misværffjorden, Saltdalsfjorden og Beiarfjorden. Namneklasser som *-stad*, *-set* og *-by* kan rett nok først attende til eldre jernalder, men det er lite som tyder på gardar med slike namneledd i våre område er av så høg alder. Som nemnt får dette støtte av funn frå Arstad. Til dette kjem at både i Beiardalen og Misværffjorden synest dei fleste gardane ut frå gardsnamneklasser å vere frå mellomalderen. Desse forholda harmonerer godt med at samane har etterlate seg fleire busetnadsspor i desse dalane frå slutten av vikingtid og fram til høg mellomalder.

Det arkeologiske materialet inneheld generelt langt fleire samiske kulturuttrykk i fase III enn i tida før. Det gjeld både urgraver, eigne samiske bygder og edelmetalldepot. Plasseringa av eit sølvdepot på garden Skar i landskapskiljet mellom dalbotnen i Misværffjorden og

31. Sandnes & Stemshaug 1997: 220, 228.

Misværmarka innanfor, datert til ca. 1250, stør inntrykket av ei grense som vart flytta stadig lenger innover i landet. Depotet bestod av tre små ringspenner, tre armringar, fem fingerringar og ei spenne med rund, kvelva form, alt av sølv.<sup>32</sup> Funna har parallellar i andre samiske sølvdepot, og den runde spenna er av ein type som er funnen i to andre samiske sølvdepot i Nordland og også i Sverige.<sup>33</sup> I Misværmarka finst dei eldste kjende samiske busetnadsfunna attende til år 1000.<sup>34</sup> I lys av at depota har ei kopling til grenseområde mellom samisk og norrøn busetnad, ligg det nært å forstå depotet på Skar som symbol for ei grense som no var komen langt inn i dalen.

## Norrøn kontroll over utmarksressursar

Den norrøne busetnadsekspanjonen i Sør-Salten gjekk saman med ein auke i bruken av utmarksressursane i vikingtida, der kvernsteinsproduksjon er best dokumentert. I tillegg kjem sannsynleg fangst, samt lokal skifer-, kleber- og kolproduksjon.<sup>35</sup> Ekspansiv ressursmobilisering i utmarka er dokumentert fleire stader i landet, og har vorte kopla til rikssamlinga og statsdanningsprosessen. Bjørn Myhre har sett føre seg ei avgjerande endring frå ca. 900, då konge og aristokrati i store delar av landet skaffa seg kontroll over viktig utmarksproduksjon.<sup>36</sup> *Bodin* (Bodøgård), som vi i mellomalderen kjenner som ein stor kongsgard på Bodøhalvøya, og som rommar rike gravminne, kan ha vore setet for storhøvdingen i regionen, og seinare for mektige stormenn i kongsteneste.<sup>37</sup> Slike menn kan ha leidd den norrøne busetnadsekspanjonen i Sør-Salten og skaffa seg kontroll over rike utmarksressursar.

Den vanlege oppfatninga er at pelsproduksjonen vart svært viktig i vikingtidens marknadsandel, og at samane intensiverte fangstproduksjonen for å imøtekomme veksande krav om leveringar i handel med nordmennene.<sup>38</sup> Eigil Skallagrimssons saga fortel at høvdingen Torolv Kveldulvsson på Torgar ved Brønnøy og Sandnes heldt stemne med finnane og tok skatt av dei. I Ottars forteljing frå slutten av 800-talet er det oppgitt at finneskatten bestod blant anna av store mengder mårskind, reinskind, bjørn- og oterskind, i tillegg til fuglefjær og produkt frå kval og sel. Originalkjelda nyttar ordet *gafol* om desse ytingane, som betyr tributt frå dei som underordnar seg, til dei som har herredøme.<sup>39</sup> Alt talar for at samisk tributt til norrøne høvdingar var ein praksis som var godt etablert på Ottars tid. I *Heimskringla* gjer Snorre greie for at den mektige høvdingen Raud den ramme på Godøy i Salten heldt mange huskarar og hadde ein flokk finnar som hjelpte han ved behov.<sup>40</sup> Både skattlegging og varebyte med prestisjegjenstandar kan ha sikra norrøne høvdingar pelsverk, som vart selt til utlandet med stort utbytte.

I Sør-Salten er det likevel kvernsteinsproduksjonen som har hatt det største omfanget. I 1984 og på byrjinga av 2000-talet vart det gjort eit omfattande kartleggingsarbeid av kvernsteinsuttak på gardane Setså og Saksenvik nær Rognan inst i Saltdalsfjorden, der det vart dokumentert rundt 60 ulike kvernsteinsbrot.<sup>41</sup> Funna viser at Saltdal var eitt av to store

32. Gerd Stamsø Munch, i innberetning om «Skattefunnet frå Skar i Misvær» 15.11.1968, Tromsø Museums arkiv (Munch 1967); Spangen 2005: 70–71.

33. Zachrisson 1984: 40.

34. Storli 1994: 101.

35. Bunse 2017: 65; Holberg 2019: 120; Munch 1967: 118.

36. Myhre 2000.

37. Eigedomsopplysingar er henta frå Gudbrandson 1989: 236 ff., 334 ff., 560 ff.

38. Hansen & Olsen 2004: 136–140.

39. Holmsen 1973.

40. Sturluson 1979.

41. Titland 2000, 2003.

produksjonsområde for kvernstein i vikingtid og mellomalder, det andre ligg i Hyllestad i Sogn og Fjordane. Bjørn Hebba Helberg, som har gjort ei arkeologisk undersøking og C14-dateringar av brotet på Setså, samt på Saksenvik, argumenterer for at produksjonen alt på 800-talet tok form av industri for ein større marknad.<sup>42</sup> Dateringar frå Setså syner at brotet var i bruk i tidsrommet 900–1190. Produksjonen var omfattande. Berre frå det arkeologisk undersøkte brotet i Kalvhagen åleine har ein rekna ut at uttaket omfatta rundt 5000 kvernsteinar.<sup>43</sup> I Saksenvik-området er det i tillegg dokumentert spor etter to andre større brot og fleire mindre uttak av kvernstein. Kvernstein frå Saltdal frå mellomalderen er funne både i byar og i distrikta, og i mellomalderbyen i Oslo er det funne meir kvernstein frå Saltdal enn frå Hyllestad.<sup>44</sup> Kvernsteinsindustrien i Saltdal må ha vore organisert av norrøne stormenn i vikingtid, truleg var høvdingen på *Boðin* sterkt involvert. Produksjonen fann stad i det som tidlegare var samiske bruksområde, og det er rimeleg å kople fleire av dei andre kulturminna i området til denne aktiviteten. Som vi alt har vore inne på, ligg det nær å sjå nyriddingsgardane i Saltdalsfjorden og Misværifjorden som sete for drifta av produksjonen, og kanskje også som støttepunkt opp mot den samiske busetnaden, som kan ha vore involvert i produksjonen.

### Samisk oppdemming

Vi har argumentert for dette: Før vikingtida var den norrøne busetnaden i Sør-Salten i stor grad konsentrert til kystområda, ytre fjordstrok og hovudfjorden, medan sidefjordane, dalføra og resten av innlandet var samiske bruksområde. I siste del av vikingtida – frå ca. 900 – endra dette mønsteret seg. Busetnad med norrøne gardsnamn i område utan arkeologiske spor etter eldre norrøn busetnad syner at det fann stad ein norrøn ekspansjon inn i samiske område, og i løpet av vikingtida og mellomalderen fram til 1350 rydda nordmenn gardar i sidefjordane, dei indre fjordstroka og dalføra. Men også i nærleiken av den nye norrøne busetnaden inn i sidefjordane og i dalane finn vi klåre spor etter samisk busetnad. Det at samiske samfunn blir meir synlege i Sør-Salten i siste del av vikingtida, fell inn i eit mønster av at samiske kulturuttrykk aukar i heile det samiske området på slutten av jernalderen. Det er ei etablert tolking at samane markerte sin identitet som ein reaksjon på dei samfunnsmessige, økonomiske og religiøse endringane som fann stad i det norrøne samfunnet, med ei uniformering av felles symbol, og at markering av territorielle rettar inngjekk i dette.<sup>45</sup> Det som skil Sør-Salten frå mange andre område, er at dei samiske busetnadsspora vitnar om ein levemåte som i fleire høve liknar på den norrøne, faste gardsbusetnaden, og variasjon meir enn uniformering, sjølv om sterke samiske symbol er til stades.<sup>46</sup> Vi vil framheve aspektet av markering langt sterkare enn andre har gjort, og sjå spora etter to samiske bygder som uttrykk for oppdemming mot ekspansjonen frå nordmennene like mykje som ei intensive- ring av samisk bruk av områder og ei tilpassing til norrøn leveform.

På dei to buplassområda Eiterjorda og Vestvatn anar vi ei samisk befolkning som har utvikla vellukka nisjar, slik som husdyrhald, jakt, fiske og produksjon av reiskap. I tillegg kjem småindustri. I Vestvatn-området har dei produsert kleberausar, og på Eiterjorda har dei henta ut skifer og laga bryne for ein lokal eller regional marknad. Men samstundes kan

42. Helberg 2010.

43. Helberg 2010: 115.

44. Baug 2017: 144.

45. Hansen & Olsen 2004: 140.

46. Holberg 2019: 129–130.



det ha dreidd seg om å gjere hevd på område overfor norrøne inntrengjarar. Når vi tek med i vurderinga urgraver og andre samiske kulturspor i nærområdet, som fleire busetnadsfunn som liknar funna frå Vestvatn, får det samiske bufaste samfunnet på Vestvatn karakter av oppdemming.<sup>47</sup> I Misværffjorden er det registrert urgravfelt, som fleire forskarar oppfattar som viktige uttrykk for etnisk konsolidering og markering.<sup>48</sup> Gravlegging i ur både minner om og skil seg frå norrøn gravskikk. Det er i begge tilfelle tale om heidring av dei døde og markering av rettar til territorium. Samstundes er forma på gravene ulike. Veksten i urgravene kan ein sjå som parallell til auka bruk av gravhaugar og meir prangande gravminne, i kombinasjon med rikare gravgods, i norrøn busetnad i vikingtid. Steinar med runeinnskrifter som omtalar arverett og odelsrett synest å ha hatt ei oppbløming i heile Norden i vikingtida, og demonstrerer at elitar og bønder har vorte meir medvitne om rettar til jord.<sup>49</sup> Samane har nytta liknande symbol, med markante skilnadar, som inntrengjarane frå vest hadde med seg. I denne samanhengen kan *hidden transcripts* og *idea counterpower* vere ei god tolkingsramme. I staden for militære oppgjer har samane markert nærværet sitt og territorielle rettar med materielle symbol, som nok har hatt klårare meining for samane enn for busetjarane frå vest. Ikkje minst har samlingar av urgraver skapt heilage område som må ha vore viktige for samane. Desse stadene kan ha vore omgitte av tabu og førestillingar som gjorde landskapet farleg å forstyrre og trenge inn i, på liknande vis som ein kjenner det frå samiske heilagstader i nyare tid.<sup>50</sup> Det er sannsynleg at dei, i likskap med sølvdepota, markerte og styrkte samisk identitet og tilhøyr til spesielle landskap og bruksområde.

Som nemnt er det dokumentert urgraver med dateringar attende til 1000-talet fleire stader i Sør-Salten. Vi har sett at både nordmenn og samar har nytta graver og sølvdepot som grensemarkørar. Men i tillegg finn vi bruk av den kristne krossen som grensesymbol etter at den heidenske hauglegginga forsvann som gravskikk for nordmennene, og eit slikt grensesymbol nytta både samane og nordmennene. Arkeologen Torun Zachrisson såg ein samanheng mellom krossymbol på runesteinar og relikviekross i sølvdepot, der begge kulturminnetypar fungerte som hevd på territorium, i sein vikingtid og på 1100-talet i Uppland og Gästrikland i Sverige.<sup>51</sup> I ei urgrav på Vatnan ved Finneid i Fauske låg det ein relikviekross frå 1100-talet saman med skjelettet av ei kvinne, og krossen er av same, austlege type som dei som er funne i sølvdepota i Sverige.<sup>52</sup> Krossen kan sjølvstundt ha hatt andre meiningar i samisk kontekst, men det er like sannsynleg at samane har kjent til delar av symbolinnhaldet til krossen og sølvdepotpraksis i det norrøne samfunnet, og har teke i bruk dei same symbola i liknande samanhengar.

I Nordland er det dokumentert over 90 urgraver frå Brønnøysund i sør til Vesterålen i nord. Medan det i Finnmark er ein del urgraver frå før Kristi fødsel, er det ingen sikre dateringar av urgraver i Nordland til tida før 1000-talet.<sup>53</sup> Inger Storli merka seg at urgravene i Sør-Salten står fram som ein kontrast til den norrøne busetnaden. Alle registrerte urgraver ligg utanfor dei norrøne gardsområda, og gjerne på motsett side av fjorden av norrøne gardar, slik som i Misværffjorden, i Saltstraumen og på Skånland innanfor storgarden Seines.<sup>54</sup> Audhild Schanche tolka auken i urgraver på slutten av jernalderen som

47. Munch 1967; Simonsen 1958.

48. Schanche 2000; Hansen & Olsen 2004: 121; Odner 1983: 63.

49. Sawyer 2003.

50. Myrvoll 2008: 23 ff., Schanche 2000: 282 ff.

51. Zachrisson 1998: 200.

52. Schanche 2000: 116.

53. Schanche 2000.

54. Storli 1985.

ein reaksjon på eit press mot samiske tradisjonelle verdiar og relasjonar som kristninga og rikskongemakta førte med seg, og her spelar dateringa ut frå funnmateriale til kristen tid ei viktig rolle for tolkinga.<sup>55</sup>

Stallo-tuftene høver også inn i eit større bilete av samisk oppdemming. Tesen til Storli om tamreindrift er omstridd. Men det er vanskeleg å sjå den organiserte forma for buplassar utan at det sprang saman med tid- og arbeidskrevjande næringsverksemd, og då fell augo på det å skjøtte tamrein. Omfattande dateringar har vist at to tredjedelar av dei vart etablert i vikingtida, og at hovudbruksfasen var i tida 800–1050.<sup>56</sup> Arkeologiske undersøkingar av stallo-tufter har synt at fleire hus eller telt i rekkene var i bruk samstundes, og at dei vart brukte periodevis og fleire gongar over tid. Dette har fått fleire til å definere dei som landsbyar. Vi kan gå eit steg vidare: I eit større bilete med skjøtsel av rein i flyttingar mellom fjell og fjord kan stallo-buplassane ha vore ei territoriell markering og meir eller mindre som *hidden transcripts* i møte med norske høvdingar, som tok imot tributt eller handelsvarer frå samane, og styrte gjennom mellommenn og sendebod. Mest sikkert er det at stallo-buplassane syner ei meir omfattande og intensivert samisk næringsdrift, som må ha vore bestemt av etterspørsel frå den norrøne befolkninga.

Ikkje berre urgravene og stallo-tuftene set oss på sporet av samisk oppdemming mot den norrøne ekspansjonen. Vel så sterke indikasjonar har vi med edelmetalldepota, som kunne vere samiske, norrøne eller ha blandingstrekk. Dei vitnar om at dei etniske møta aktualiserte rituell kommunikasjon av makt og herredømme. Deponeringane kan støtte teorien som Inger Storli har fremja om ei hierarkisering av det samiske samfunnet i vikingtida. Uttrykket «finnekongar», samt ei differensiering i gravgodset i samiske graver, kan indikere dette.<sup>57</sup>

Vi har sett at det er funne tre typar sølvdepot, med kvar si datering, geografiske plassering og etniske identitet, i Sør-Salten. Det eine inneheldt ei ringnål, av norrøn type og eit utprega statussymbol, funnen i eit elles norrønt kulturmiljø på Rønvik nær maktsetet *Boðin* ytst ved Saltfjorden og datert til ca. 950. Men funnstaden var i eit område med mykje ur, som ofte tente som heilage samiske plasser med graver, og delar av innhaldet finst også i svenske funn og kan ha kome austfrå. Dette gir også dette funnet eit mogleg samisk innslag, særleg når det også ligg i eit naturleg grenseområde som fjellovergangen over Bratten har vore. Det andre depotet låg nært eit gardsområde, i eit gravfelt i ei helling ned mot sjøen, på Slettnes i Fauske midt i det norrøne samfunnet rundt Skjerstadvfjorden. Det tredje depotet låg i innlandet, attmed Vestvatn-området inst i Misværdfjorden, i samisk kulturmiljø og med smykke av austlege former, og er datert til 1200-talet. Også denne funnstaden ligg i et skarpt landskapsskilje. Nedleggingane tyder på eit behov for å markere makt og territoriale rettar for både nordmenn og samar. Frå 900-talet til 1200-talet synest samane å ha vorte drivne stadig lenger innover i Sør-Salten. Samstundes synte samane politisk og økonomisk mobiliserings-evne og at eit samisk leiarsjikt hadde tilgang på eksklusive prestisjevarer. Rønvikdepotet gir elles vitnesbyrd om at eit tyngdepunkt i dei etniske konfrontasjonane og grensedragingane var knytt til eit viktig kystområde i Sør-Salten på 900-talet. Mest interessant er det at samane synest å ha teke i bruk enkelte viktige norrøne symbol, som edelmetalldepot, og gitt dei ein liknande funksjon innanfor sin eigen samiske tradisjon. Med andre ord, dei tok eit sterkt symbol på herskarmakt og gjorde det til sitt eige. Ved å ta i bruk edelmetalldepot i ein samisk samanheng kunne dei ta noko av krafta frå dei norrøne symbola og styrke integriteten til det samiske samfunnet.

55. Schanche 2000: 331.

56. Sommerseth 2009; Storli 1994; Liedgren et al. 2007.

57. Bergsland 1977; Hansen & Olsen 2004: 90–91; Mundal 1996; Storli 1994.

I Tysfjorden i Nordland finn vi eit liknande mønster som i Sør-Salten. Før vikingtida finn vi ingen norrøne graver eller gardar i det store området som Tysfjorden med sidefjor-  
dar utgjær, medan det frå vikingtida er tydelege spor. Gardane Leiknes, Forså og Drag er alle vikingtidsgardar med gravhaugar på sørsida av fjorden. Derimot er det innanfor og på  
nordsida av fjorden ingen norrøne kulturspor frå heile jernalderen. Her markerer urgraver  
ein sterk samisk busetnad. At den norrøne ekspansjonen møtte motstand, er også edelme-  
talldepotet på nordsida av Indre Musken ein indikasjon på. Depotet består av tre armringar,  
to smykke og ein øyrering, med ei sannsynleg datering til 1000/1100.<sup>58</sup> Det er tolka som  
eit samisk depot og låg under ei stor steinblokk rett ved ei bratt ur. Nærleiken i tid til dei  
norrøne gardane som oppstod på motsett side av fjorden, kan peike i retning av at depotet  
var ei samisk markering. Det same gjeld eit edelmetalldepot på Kjøpsvik, nordafor Musken  
på same side av fjorden, sjølv om det er noko seinare, truleg lagt ned omkring år 1200.<sup>59</sup> Det  
består av ein relikviekross med kjede og ei rund, forseggjort sølvspenne av same type som  
den frå garden Skar i Misværdalen.

Schanche har peika på ein interessant komplementaritet i utbreiinga av urgraver og edel-  
metalldepot i Nord-Skandinavia.<sup>60</sup> Dei finst sjeldan i det same området, men edelmetallde-  
pota ser derimot ut til å ligge i ei randsone utanfor område med urgraver. Funna på lokalnivå  
i Sør-Salten ser ut til å stemme overeins med dette mønsteret. Sølvdepotet på Skar ligg i alle  
fall like innanfor området med urgravfelt i Misværfjorden. Det er nett dette depotet som  
fell inn i den seine samiske deponeringsskikken som Schanche viste til. Depotet på Slettnes  
ligg som nemnt i det norrøne gardsområdet som krinsar seg rundt Skjerstadfjorden, men  
innanfor byrjar dei samiske områda med urgraver i Misværfjorden og urgraver langs vass-  
draget frå Finneid innover til Sulitjelma. Dette styrkar inntrykket av at edelmetalldepota og  
urgraver saman ikkje berre må vurderast som samiske kulturminne, men at dei også var del  
av ein etnisk symbolikk og markering i eit konfliktforhold til norske høvdingar og busetjarar.

Vi finn altså at grensene vart langsamt skuva innover i fjordane og etter kvart inn i dalane,  
og vart møtt med ikkje-valdeleg motstand i dei samiske gruppene i form av *idea counter-*  
*power* og *hidden transcripts* med urgravfelt og etablering av fast busetnad som styrkte den  
samiske integriteten og hevd til eigne landområde. Den tidlegare norrøne praksisen med  
edelmetalldepot som markering av hevd på land vart også teken opp av samane.

## Aristokratistyrte kolonisering og samiske strategiar

Analysen vår av Sør-Salten i tidsrommet 600–1350 e.Kr. nyanserer på fleire punkt den tid-  
legare forskinga om norrøne og samiske grupper i Nord-Noreg i jernalder og mellomalder.  
Vi meiner at dominans og asymmetri må ha vore like viktig som interaksjon og symbiose i  
relasjonane mellom dei to etniske gruppene. Gravfunn og typiske stadnamn frå vikingtid og  
mellomalder vitnar om norrøn busetnadseksponering i denne regionen. Ekspansjonen i Sør-  
Saltene, som truleg vart styrt frå maktssenteret *Bodin*, gjekk føre seg i område der det har vore  
omfattande kvernsteinsbrot og større fangstanlegg. Både nordnorske høvdingar, og seinare  
stormenn i teneste for den norske rikskongen, må ha styrt mykje av den norrøne kolonise-  
ringa, ikkje minst for å få kontroll over utmarksressursar.

Frå ca. 900 til 1350 førte den norrøne framrykkinga med kolonisering av tidlegare samiske  
bruksområde, og kontroll over kvernsteinsproduksjon og av fangstproduksjon som mål, til

58. Spangen 2010: 66.

59. Munch 1968.

60. Schanche 2000: 101.

ulike samiske motstrategiar eller oppdemming. Det kom til uttrykk i sølvdepot, urgravfelt og intensivt nærvær i form av aktivitet og busetnad, alt i nærleiken av nye norrøne busettingar. Alt dette indikerer grensemarkeringar. Urgravene kan ha vore eit symbolsk motsvar til dei norrøne gravhaugane med eit nytt innhald, og bruken av edelmetalld Depot er ein enda tydelegare resepsjon eller overtaking av norrøne symbol, slik funnet i Misvær og dei i Tysfjorden vitnar om, som alle i form og innhald liknar på det norrøne sølvdepotet i Rønvikfjellet. Vi ser også samisk nisjetilpassing og oppdemming mot norrøne busetjarar i form av lokal småindustri med smiing, kleberproduksjon, skiferproduksjon distribuert i eigne nettverk Beiarn–Misvær–Saltdal–Arjeplog i Sverige, og kanskje også til nordmennene i fjordane. Fleire studiar og dateringar av fangstanlegg og klebersteinsbrot vil kunne gi meir informasjon om desse samanhengane.

No er det ikkje ei ny tolking at samisk materiell kultur, til liks med norrøn, kunne fungere som territoriale markørar i jernalder og mellomalder. Tolkingane av urgraver og edelmetalld Depot som markering av grenser og bruksrett er godt etablerte.<sup>61</sup> Men i tolkinga vår ser vi bruken av materiell kultur som ei medviten form for motmakt, i form av *hidden transcripts* og *idea counterpower*.<sup>62</sup> Urgraver og depot har truleg hatt ein dempa, til dels gøymd og mangetydig funksjon, som har vorte betre forstått av samane enn av nordmennene. Likevel har dei tent som symbolske og effektfulle barrierar mot norrøn ekspansjon. Truleg vart dette heilage samiske stader som etter førestillingane var farlege for framande folk å forstyrre og trenge inn i. Meir usikkert er det med stallo-buplassane, men den særeigne og organiserte forma i rekker gir inntrykk av ei markering andsynes både andre samar og nordmenn.

## Litteratur

- Andersen, O. (2002). *Flyttefolk og bofaste. En studie av samisk bosetting i Sør-Troms og Nordre Nordland* (doktorgradsavhandling). Universitetet i Tromsø: Tromsø.
- Baug, I. (2017). Soapstone vessels and quernstones as commodities in the Viking Age and Middle Ages. I Z.T. Glørstad & K. Loftsgarden (red.), *Viking-Age Transformations. Trade, Craft and Resources in Western Scandinavia* (s. 139–159). London og New York: Routledge.  
<https://doi.org/10.4324/9781315548197-8>
- Bergsland, K (1977). *Samene og samenes rettslige stilling historisk belyst* (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie A: Forelesninger XXVIII). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bergman, I., Liedgren, L., Östlund, L., og Zackrisson, O. (2008). Kinship and Settlements: Sami Residence Patterns in the Fennoscandian Alpine Areas around A.D. 1000. *Arctic Anthropology*, 45(1), 97–110. <https://doi.org/10.1353/arc.0.0005>
- Bunse, L. (2017). Multi-ethnic involvement? Production and use of soapstone in Northern Norway. I G. Hansen & P. Storemyr (red.), *Soapstone in the North. Quarries, Products and People 7000 BC – AD 1700* (UBAS 9, s. 59–72). Universitetet i Bergen.
- Elmevik, L. (1994). Ortnamnselementet fornnordiskt -*staðir* – innebörd och ursprung. I *Vikingetidens sted- og personnavne* (NORNA-rapporter 54, s. 112–123). Uppsala.
- Gee, T. (2011). *Counterpower. Making Change Happen*. Oxford: New Internationalist Publications.
- Glørstad, Z.T. (2010). *Ringspennen og kappen. Kulturelle møter, politiske symboler og sentraliseringsprosesser i Norge ca. 850–950* (doktorgradsavhandling). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Graham-Campbell, J. (1995). *The Viking-Age Gold and Silver of Scotland AD 850–1100*. Edinburgh: National Museums of Scotland.

61. Hansen & Olsen 2004: 75.

62. Gee 2011; Scott 1990.



- Gudbrandson, Terje (1989). *Bodin bygdebok. Gårds- og slektshistorie*, bd. II.3. Bodø: Bodø kommune.
- Hansen, L.I. (1990). *Samisk fangstsamfunn og norsk høvdingøkonomi*. Oslo: Novus.
- Hansen, L.I., og Olsen, B. (2004). *Samenes historie*, Oslo: Cappelen Akademisk.
- Hedman, S.-D. (2012). *Rapport över dokumentation av samiske kulturminne i Beiarn, Rana och Saltdalen kommuner, Nordland 2011–2012*. Senter for samiske studier. Tromsø: Universitetet i Tromsø.
- Helberg, B.H. (2010). Kvernsteinsindustri i vikingtid og tidlig middelalder i Saltdal kommune, Nordland fylke. *Viking – tidsskrift for norrøn arkeologi*, LXXIII, 103–120.
- Holberg, E. (2019). Samisk busetnad i endring. Kulturmiljø og etnisitet i vikingtid og tidleg mellomalder i Sør-Salten, Nordland. I R. Berge & M.M. Henriksen (red.), *Arkeologi og kulturhistorie fra norskekysten til Østersjøen. Festskrift til professor Birgitta Berglund. Vitark 11* (s. 116–132). Trondheim: NTNU Vitenskapsmuseet.
- Holmsen, A. (1973). Finnskatt og nordmannsskatt. I K. Bergsland (red.), *Samenes og sameområdenes rettslige stilling historisk belyst. Foredrag og diskusjoner på symposium avholdt 7.–9. november 1973* (s. 56–75). Oslo: Universitetsforlaget.
- Holtet, T.F. (1971). *Ødegårder i Gildeskål og Beiarn ca. 1400–1600* (hovudoppgåve i historie). Universitetet i Oslo: Oslo.
- Kraft, J. (1835). *Topografisk-statistisk beskrivelse over kongeriget Norge*. Sjette del. Christiania: Chr. Grøndahl.
- Liedgren, L., Bergman, I., Hörnberg, G., Zackrisson, O., Hellberg, E., Östlund, L., og DeLuca, T. (2007). Radiocarbon Dating of Prehistoric Hearths in Alpine Northern Sweden: Problems and Possibilities. *Journal of Archaeological Science*, 34, 1276–1288. <https://doi.org/10.1016/j.jas.2006.10.018>
- Moe, D. (1970). *A Pollen Analysis of an Occurrence of Elm in Beiarn, Nordland County, Northern Norway* (Årbok for Universitetet i Bergen, Mat.-Naturvit. Serie 2). Bergen.
- Moe, D. (1991). Hustad, Arstad and Naurstad. A vegetational study of three farms in Salten, North Norway. *Norsk geografisk tidsskrift*, 45, 11–24. <https://doi.org/10.1080/00291959108621977>
- Mulk, I.M. (1994). *Sirkas – ett samisk fångstsamhälle i förändring Kr.f.–1600 e.Kr* (Studia Archaeologica Universitatis Umensis 6). Umeå.
- Munch, G.S. (1967). Funnene frå Eiterjord i Beiarn og Vestvatn i Misvær. *Viking – tidsskrift for norrøn arkeologi*, XXXI, 99–122.
- Munch, G.S. (1968). *Innberetning om «Skattefunnet frå Skar i Misvær» 15. nov. 1968*. Upublisert rapport i Tromsø Museums arkiv.
- Munch, G.S. (1982). Et hustuftområde fra vikingtid på Arstad, Nordland. I G. Ólafsson (red.), *Hus, Gård och Bebyggelse. Föredrag från det XVI nordiska arkeologmötet, Island 1982* (s. 133–146). Reykjavik.
- Mundal, E. (1996). The perception of the Saamis and their religion in Old Norse sources. I J. Pentikäinen (red.), *Shamanism and Northern Ecology* (s. 97–116). Berlin: Mouton de Gruyter.
- Myhre, B. (2000). The Early Viking Age in Norway. *Acta Archaeologica*, 71, 35–47.
- Myrvoll, E.R. (2008). *Samiske helligsteder. Tradisjon – registrering – forvaltning* (NIKU Rapport 54).
- Nielssen, A.R. (2012). *Landnám fra Nord. Utvandringa fra det nordlige Norge til Island i vikingtid*. Stamsund: Orkana Akademisk.
- Odner, K. (1983). *Finner og Terfinner. Etniske prosesser i det nordlige Fenno-skandinavia* (Oslo Occasional Papers in Social Anthropology 9). Oslo: Universitetet i Oslo.
- Olsen, B. (2003). Belligerent Chieftains and Oppressed Hunters? Changing Conceptions of Interethnic Relationships in Northern Norway during the Iron Age and Early Medieval Period. I J.H. Barrett (red.), *Contact, Continuity and Collapse: The Norse Colonization of the North Atlantic* (s. 9–31). Turnhout: Brepols. <https://doi.org/10.1484/m.sem-eb.3.3830>

- Sandnes, J., og Stemshaug, O. (1997). *Norsk stadnamnleksikon* (4. utg.). Oslo: Det Norske Samlaget.
- Sawyer, B. (2003). *The Viking Age Rune-Stones. Custom and Commemoration in Early Medieval Scandinavia*. Oxford: Oxford University Press.
- Schanche, A. (1989). Jernalderens bosettingsmønster i et fleretnisk perspektiv. I R. Bertelsen, P.K. Reymert & A. Utne (red.), *Framskritt for fortida i nord. I Povl Simonsens fotefar* (Tromsø Museums Skrifter XXII, s. 171–183). Tromsø.
- Schanche, A. (2000). *Graver i ur og berg. Samisk gravskikk og religion fra forhistorisk til nyere tid*. Karasjok: Davvi Girji.
- Scott, J.C. (1990). *Domination and the Arts of Resistance: Hidden Transcripts*. New Haven/London: Yale University Press.
- Simonsen, P. (1958). *Funn og fortidsminner i Indre Salten. Antikvariske registreringer i Nord-Norge*, bd. 1. Tromsø: Tromsø museum.
- Sjövold, T. (1962). *The Iron Age Settlement of Arctic Norway. A Study in the Expansion of European Iron Age Culture within the Arctic Circle*, bd. 1, *Early Iron Age*. Oslo: Norwegian Universities Press.
- Skaare, K. (1976). *Coins and coinage in Viking Age Norway*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Sommerseth, I. (2009). *Villreinfangst og tamreindrift i indre Troms. Belyst ved samiske boplasser mellom 650 og 1923* (doktorgradsavhandling). Universitetet i Tromsø.
- Spangen, M. (2005). *Edelmetalldepotene i Nord-Norge. Komplekse identiteter i vikingtid og tidlig middelalder (hovudoppgåve i arkeologi)*. Universitetet i Tromsø.
- Spangen, M. (2010). Guder-makter-mennesker-ting. Om deponering av sølv som offer. *Viking – tidsskrift for norrøn arkeologi*, LXXIII, 61–80.
- Storli, I. (1985). *Hålløyghøvdingen. Om grunnlaget for og vedlikeholdet av høvdingmakt i jernalderen, med vekt på Sør-Salten* (magistergradsavhandling i arkeologi). Universitetet i Tromsø.
- Storli, I. (1994). «Stallo»-boplassene. *Spor etter de første fjellsamer?* (Instituttet for sammenlignende kulturforskning, serie B, skrifter XC). Oslo: Novus.
- Sturluson, S. (1979). *Norges kongesagaer* (omsett av A. Holtmark og D. Arup Seip). Gyldendal, Oslo.
- Sigmundsson, Svavar (2004). *Om staðir-navne på Island* (NORNA-rapporter 81, s. 147–157). Uppsala.
- Thuestad, A., Myrvoll, E.R., og Myrvoll, M. (2011). *Revidering av verneplan og forvaltningsplan for Saltfjellet-Svartisen nasjonalpark og tilgrensende verneområder* (NIKU Oppdragsrapport 78/2011). Trondheim.
- Titland, H. (2000, 2003). *Kulturminneregistreringer av kvernsteinsbruddene på Setså, Saltdal i Nordland*, Saltdal kommune, Kulturretatens arkiv.
- Valen, C.R. (2007). *Jordbruksimpulser i neolitikum og bronsealder i Nord-Norge. En revisjon av det arkeologiske gjenstandsmaterialet og de naturvitenskapelige undersøkelsene* (hovudoppgåve i arkeologi). Universitetet i Tromsø.
- Vorren, K.-D., Nilssen, E., og Mørkved, B. (1990). Age and agricultural history of the 'staðir' farms of North and Central Norway. *Norsk geografisk tidsskrift*, 44, 79–102. <https://doi.org/10.1080/00291959008552247>
- Zachrisson, I. (1984). *De samiska metalldepåerna år 1000–1350 i ljustet av fyndet från Mörtrträsket, Lappland* (Archaeology and environment 3). Umeå Universitet.
- Zachrisson, T. (1998). *Gård, gräns, gravfelt. Sammanheng kring ädelmetalldepåer från vikingatid och tidig medeltid i Uppland och Gästrikland* (Stockholm studies in archaeology 15). Stockholms Universitet.
- Aarsæther, R. (1975). *Bosettinga i Salten fjerding, Salten len, fra høymellomalderen til ca. 1660* (hovudoppgåve i historie). Universitetet i Oslo.